



Politisk organisering, reglement og godtgjersle i Bjørnafjorden kommune 2027-2031

Saksbehandlar:
Ingrid E. Tøsdal

Arkivsaksnr.:
26/990

JournalpostID:
26/57817

Saksnr:	Utval:	Dato:
96/2026	Bjørnafjorden formannskap	03.09.2026
81/2026	Bjørnafjorden kommunestyre	17.09.2026

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:

1. Bjørnafjorden kommunestyre vedtek politisk organisering og delegering for valperioden 2027-2031 slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å oppdatera delegeringsreglementet slik det er publisert på <https://delegering.kf.no/delegering/publikum/4624> i tråd med vedtakets punkt 1.
3. Bjørnafjorden kommunestyre vedtek Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2027-2031 slik dei går fram av vedlegg til saka.
4. Bjørnafjorden kommunestyre vedtek Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2027-2031 slik ho går fram av vedlegg til saka.
5. Dei tre reglementa trer i kraft frå konstituerande kommunestyremøte hausten 2027 og gjeld ut valperioden 2027-2031.
6. Frå det tidspunktet reglementa trer i kraft blir følgjande regelverk oppheva:
 - Vedtekter for Bjørnafjorden ungdomsråd, vedtekne av kommunestyret 19.11.19
 - Reglement for formannskap og plan- bygg og miljøutval som kommunal klageinstans, vedteke 15.05.25

Bjørnafjorden, den 16.06.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Samandrag:

Ombodsutvalet har oppdatert og justert dei politiske reglementa for Bjørnafjorden kommune, i tråd med kravet i reglementet om revisjon ein gong i valperioden.

Dei politiske reglementa omfattar

- Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune
- Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune
- Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune

Reglementa følgjer valperioden og trer i kraft frå konstituerande kommunestyremøte.

Forslaga bygger på gjeldande reglement, men er oppdaterte gjennom mellom anna samling av regelverk, forenkling og presisering av innhald og justering av satsar for godtgjersle.

Reglementa har vore på offentlig høyring og har òg vore lagde fram for medverknadsråda. Innspela som kom inn, er vurderte av ombodsutvalet, som gav kommunedirektøren fullmakt til å ferdigstilla reglementa.

Reglementa blir med dette lagde fram for endeleg vedtak.

Konsekvensar av saka/vedtaket:

Økonomi: Reglementa har innverknad på kommunen sin økonomi fordi det her blir slått fast mellom anna kva for utval kommunen skal ha i komande valperiode, kor mange medlemmer dei ulike folkevalde organa skal ha og kor stor godtgjersla til dei folkevalde skal vera.

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Saksutgreiing:

Reglementet Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune 2023-2027 seier «Ombodsutvalet skal ein gong i løpet av valperioden leggja fram revidert forslag til reglement for politisk nivå, politisk organisering, politisk delegering og forskrift om godtgjering og utgiftsdekning for folkevalde.»

I denne saka blir difor følgjande tre reglement lagt fram for kommunestyret for vedtak:

- Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune 2027-2031
- Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2027-2031
- Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2027-2031

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

Ombudsutvalet har i løpet av to møte våren 2026 behandla reglementa og førebudd dei for vedtak. Før første møte i Ombudsutvalet hadde kommunedirektøren gjort eit administrativt forarbeid der reglementa var grundig gjennomgått og oppdatert.

Dei tre reglementa er lokale utfyllingar av reglane som følgjer av kommunelova. Dei konkretiserer korleis kommunen organiserer seg, delegerer mynde og gjennomfører saksbehandling innanfor dei rammene kommunelova set. Reglementet om politisk organisering og delegering er heimla i, og utfyller, kommunelova sine reglar om folkevalde organ, organisering og delegering (kommunelova kapittel 5 og 6). Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter er heimla i, og utfyller, kommunelova kapittel 8 om rettigheter og plikter for folkevalde. Saksbehandlingsreglane for folkevalde er heimla i, og utfyller, kommunelova kapittel 11 om saksbehandling i folkevalde organ.

Reglementa bygger på reglane som gjeld for inneverande periode. Den politiske organiseringa, altså kva for folkevalde organ kommunen skal ha, korleis dei skal vera organiserte og kva for mynde som skal vera delegert frå kommunestyre til andre folkevalde organ eller til kommunedirektøren, er foreslått vidareført frå inneverande valperiode. Det vil seie at kommunen held fram med følgjande folkevalde organ i perioden 2027-2031:

- Kommunestyre
- Formannskap
 - Formannskapet som kommunal klageinstans (klagenemnd)
 - Formannskapet som valstyre
- Administrasjonsutval
- Lønsutval for kommunedirektør
- Eigedomsutval
- Plan-, bygg-, og miljøutval (PBM)
 - Plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans (klagenemnd)
- Tenesteutval
- Ombudsutval
- Kontrollutval
- Ordførar (varaordførar)
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne
- Eldreråd
- Ungdomsråd
- Valnemnd for styra i kommunalt eigde selskap og føretak

Nokre av desse folkevalde organa følgjer direkte av krav i kommunelova. Dette gjeld mellom anna kommunestyret, formannskapet, kontrollutvalet, ordførar og dei lovpålagde medverknadsråda. Dei øvrige organa er oppretta av kommunen sjølv med heimel i kommunelova sine reglar om folkevalde organ, for å tilpassa organiseringa til lokale behov og prioriteringar, og for å sikra ei føremålstenleg organisering av den politiske verksemda.

Om endringar som er gjort

Sjølv om organiseringa er uendra, er det likevel gjort ei rekke oppdateringar og mindre justeringar i fleire av kapitla i reglementet Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune 2027-2031. Mellom anna er følgjande regelverk som tidlegare var separate regelverk tekne inn som del av Politisk organisering og delegering-reglementet:

- Reglement for formannskap og plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans
- Overordna prinsipp for sal av eigedom
- Vedtekter for Bjørnafjorden ungdomsråd.

Kommunedirektøren vurderer at ved å ta dette inn reglementet for politisk organisering, blir reglar om folkevalde organ samla på éin stad. Slik blir dei lettare tilgjengelege, og ein sikrar at også desse delane av reglementet blir gjennomgått og revidert ein gong kvar valperiode.

Det er i tillegg utarbeidd retningslinjer for valnemnda i Bjørnafjorden kommune. Dette var eit av oppfølgingspunkta som vart tilrådd etter eigarskapskontrollen av Bjørnafjorden utviklingsselskap AS (sak 72/2025 til kommunestyret 19.06.2025). Kommunedirektøren vurderer at også desse retningslinjene høyrer heime som del av det heilskaplege reglementet Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune.

Også forslaget til saksbehandlingsreglane for folkevalde i Bjørnafjorden kommune er ei vidareføring og oppdatering av dagens reglar. Gjennomgåande i reglementet er nokre punkt forkorta eller fjerna fordi det fleire stader i reglementet var rein gjentakning av ordlyden i kommunelova. Saksbehandlingsreglane er meint å utfylla lova, ikkje gjenta eller kopiera ho.

I Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde i Bjørnafjorden kommune er satsane for møtegodtgjersle og for dekning av utgifter/tapt arbeidsinntekt justerte opp med om lag 12 % samanlikna med satsane som gjeld for perioden 2023-2027. Dette legg seg mellom den samla prisveksten (om lag 11 %) og den noko høgare lønsveksten (om lag 19 %), og kommunedirektøren vurderer det som eit moderat nivå.

I sak 02/2026 til ombudsutvalet finn ein detaljert informasjon om endringane som er gjort i dei tre reglementa: [Her finn du sak 02/2026 i møteplanen for ombudsutvalet.](#)

Høyring av forslaga

Etter første behandling i ombudsutvalet (sak 02/2026 til møte 09.03.2026) tilrådde utvalet at reglementa blei lagt ut til offentleg høyring etter at nokre endringar som vart foreslått i møtet var lagt inn.

I sak 26/2026 til Formannskapet (12.03.2026) vedtok formannskapet å leggja reglementa ut til offentleg høyring med endringane som vart vedteke i ombudsutvalet.

Etter forvaltningslova er det berre Forskrift om godtgjersle og dekning av utgifter for folkevalde som krev offentleg høyring. Kommunedirektøren vurderte at også dei andre to politiske reglementa burde leggjast ut på høyring for å sikra openheit og brei forankring i arbeidet med politiske reglement. Ved å leggja alle tre reglementa ut til offentleg høyring, fekk òg parti som ikkje er representerte i ombudsutvalet eller formannskapet høve til å koma med innspel i prosessen.

Ei brei forankring av reglementa vil vera positivt både for samarbeidet og saksbehandlinga i dei politiske organa i kommande valperiode. I tillegg ville brei involvering kunna gje fleire gode innspel til reglementa, noko som også blei tilfelle.

Høyringa blei kunngjort på kommunen si nettside måndag 16. mars 2026 med høyringsfrist måndag 4. mai 2026. Høyringsperioden har dermed vore på 7 veker. Gruppearane for dei politiske partia som er representerte i kommunestyret inneverande valperiode blei gjort særskild merksame på høyringa via e-post 17.03.2026. I løpet av høyringsperioden har reglementa blitt lagt fram for dei tre medverknadsråda.

Det kom inn høyringsinnspel frå Bjørnafjorden Venstre og Bjørnafjorden SV, i tillegg til uttaler frå dei tre medverknadsråda. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tok saka til orientering, medan ungdomsrådet og eldrerådet hadde kvart sitt konkrete innspel. Høyringsinnspela følgjer som vedlegg til sak 05/2026 til ombodsutvalet, som det er lenka til under neste avsnitt.

Ombodsutvalet si vurdering av innspela og utvalet si innstilling

I møte 28.05.2026 i Ombodsutvalet gjekk utvalet gjennom og vurderte høyringsinnspela som var komne inn. Dei konkrete høyringsinnspela og vurderingane av desse finn ein detaljert informasjon om i sak 05/2026 til ombodsutvalet. [Her finn du sak 05/2026 i møteplanen for ombodsutvalet.](#)

Utvalet fatta følgjande vedtak

«Ombodsutvalet ber om at utkasta til reglement blir endra og oppdaterte etter høyringa, i tråd med vurderingane frå kommunedirektøren slik dei framgår av saka. Kommunedirektøren får fullmakt til å ferdigstilla reglementa, og deretter leggja dei fram for endeleg vedtak i kommunestyret "Retningslinjer for valnemda i Bjørnafjorden kommune" vert lagt inn i dokumenta før endeleg handsaming i Kommunestyret»

I etterkant har kommunedirektøren oppdatert reglementa i tråd med vedtaket i Ombodsutvalet. Kommunedirektøren har òg gjort ein siste språkleg korrektur.

Vurdering og konklusjon

Kommunedirektøren vurderer at reglementa og organiseringa for inneverande periode fungerer godt og er føremålstenlege. Dei tre framlegga til reglement for kommande periode er gjennomarbeidde og oppdaterte versjonar av dagens reglement, med nødvendige mindre endringar.

Kommunedirektøren meiner at det er positivt at den politiske organiseringa, delegeringa, saksbehandlingsreglane og godtgjersleforskrifta for perioden 2027-2031 er kjende før partia startar nominasjonsprosessane sine. Dette gir kandidatane til vallistene føreseielege rammer før dei tek stilling til om dei vil stilla til val.

Kommunedirektøren tilrår at dei tre reglementa blir vedtekne slik dei ligg føre i vedlegga.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

